



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

REFERAT frå møte i Kviteseid Sokneråd

Onsdag 26. februar 2020 kl.18.00

Stad: Kommunehuset

Innkalla:

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Dagfinn Jone Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Unni Snaunes, Gudrun Nordbø Venås, Sigrun Garvik Moen (sekretær) og Vidar Syrtveit Mikalsen, Sokneprest Møyfrid Lunde og kommunerepresentant Bjørn Nordskog.
Varamedlemmar: Vigdis Helene Bruhaug og Aud Turid Fjågesund
Andre: Kyrkjeverje Kristen Salmelid

Meldt forfall tidlegare: Marit Gotuholt (leiar) og Aud Turid Fjågesund (2. vara)
Derfor blir også 3. vara kalla inn. Det er Inge Waldenstrøm.
For kommunerepresentanten møtte vara: Jonn Foldøy

Ord for dagen ved sokneprest Møyfrid Lunde.
Kaffi frå kontoret, litt å bite i ved Dagfinn Køhn.

Mail kopi innkalling og referat til revisor Hilde Vatnar og prost Asgeir Sele.
Referat blir i tillegg sendt til rådmann Øystein Tveit og kommunalsjef for budsjett og strategi Tore Åsland. Ordførar får som kommunerepresentant

Oversikt over saker:

Sak 10/20, FR	Innkalling og sakliste
Sak 11/20, FR	Informasjon om arrangement og anna
Sak 12/20, FR	Årsrekneskap 2019
Sak 13/20, FR	Årsmelding 2019
Sak 14/20, FR	Mogleg nytt tilskot frå Riksantikvaren
Sak 15/20, SR	Soknemøte / årsmøte 29. mars
Sak 16/20, SR	Konfirmantfest 26. april
Sak 17/20, SR	Eventuelt

Sak 01/20, (FR)	Innkalling og saksliste		MS
<p>Innkallinga til dette møtet er sendt ut på e-post onsdag 19.02.2020 til alle medlemmer og varamedlemmer av det nye soknerådet.</p> <p>Merknader til innkallinga eller sakslista?</p> <p>Forslag til VEDTAK: Innkallinga sendt ut på e-post 19.02.2020 er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.</p> <p>VEDTAK: Innkallinga sendt ut på e-post 20.02.2020 er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.</p>			
Sak 11/20, (FR)	Informasjon om arrangement og anna		MS / ML / KS
Arrangement:			
27. febr.	Taizé-bøn	Kviteseid kyrkje	Torsdag kl. 20.30
6.-8. mars	Fellesmøtehelg	Misjonshuset	Talar Leif Raustøl. Møta er kl. 19.30 på fredag (Fredheimkoret deltek), og kl. 17.00 laurdag og søndag.
10. mars	Andaktar	KOS kl.11.15 Midtsundtoppen	Kl. 11.15: Nattverdsgudsteneste Kl. 12.00 Andakt
25. mars	Føremiddagstreff	Misjonshuset	Kl. 11
29. mars	Konsert		Kl. 19.00 «Lyrikk og musikk» ved Jan, Oddmund og Petter Haugen + Olav Holm
31. mars	Fasteaksjonen		Tysdag. Bøsser og anna kan hentast på kontoret frå 25.mars
14. april	Andaktar	KOS og Midtsundtoppen	Kl.11.15 Kl.12.00
18. april	Familiesamling	Kviteseid kyrkje	(Laurdag) kl. 11.00 ved Jarle Valdemar
18. april	Seminar	Misjonshuset	Kl. 16.00 ved Jarle Valdemar
22. april	Føremiddagstreff	Misjonshuset	Kl. 11
29. april	Fest for Lundenjordet	Misjonshuset	Ikkje heilt bestemt dato
4.-10. mai	Godhetsveka	Kviteseid kyrkje	Blir avslutta med Godhetsgudsteneste i kyrkja sund.10.mai
12. mai	Andaktar	KOS og Midtsundtoppen	Kl.11.15 Kl.12.00
13. mai	Samling for eldre	Kviteseid kyrkje	
16. juni	Andaktar	KOS og Midtsundtoppen	Kl.11.15 Kl.12.00
<p>Referat ligg vedlagt frå:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kyrkjelydsutval for Fjågesund 21.1.2020, og Brunkeberg 18.2.2020 • Fellesmøtekomité 29.1.2020 (referat og oversikt) 			

- Godhetsveka, komitémøte 05.02.2020
- *Kyrkjelydsutval i Vrådal har òg hatt møte, men ikkje skrive referat. Soknerådet oppmodar utvala til å skrive litt notat og sende til kyrkjekontoret som tek det med i soknerådspapira for gjensidig informasjon..*

Anna informasjon:

1. Led-ljos til kyrkjene: Fjågesund og Vrådal fekk flaumljoskastarar med led i 2018 og 2019. Kyrkjevevja har bestilt det same til Kviteseid og Brunkeberg i 2020. Endring frå 450W til 48W pr lyspunkt (2 på kvar kyrkje) vil gje betydeleg lågare straumutgifter. (Kostnad:10-12.000,- pr kyrkje)
2. Store endringar ved bårehuset i Kviteseid dei siste vekene: 95 m² carport er i ferd med å koma under tak. Renovering av toaletta same plass er i gang: 60 til 100 cm dører, 1,5m² utviding skal gje 1 HC-WC m/ dusj og 1 om lag som før. Endring på byggesøknad er godkjend 27.01.20. *Eit flatt tak blei ein fin platting.*
3. Plan for vidare arbeid på Gamlekyrkja og kontrakt for kr 875.000 er under utarbeiding. Søknad om unntak frå freding (etter kulturminnelova) er sendt Biskop og Riksantikvaren 10.02.2020.
4. Monitor til Kviteseid kyrkje (lyd og bilete) er bestilt. 2 spottar for å lysa opp kortrappene kjem på prøve.
5. Nye kortrapp er ferdig: 3x3 boksar som går inni kvarandre og dermed tek mindre plass.
6. Skilt med 'Dnk og Kviteseid sokn' til å ha på fellesskilt utanfor kommunehuset er bestilt. Det same er skilt til 'Open kyrkje'. *Motteke 26.2.*
7. Thorbjørn Salmelid Emdal er blitt 3. person i kulturutvalet saman med Olav Holm og Toralf Grave.

Forlag til VEDTAK:

Soknerådet tek informasjonen til vitande.

VEDTAK:

Soknerådet tek informasjonen til orientering.

Sak 12/20, (FR)

Årsrekneskap 2019

MS / KS

Årsrekneskapen for Kviteseid sokn for 2019 er ikkje endeleg ferdig. Det blir vonleg ferdig før SR-møtet 26.2. og blir då straks sendt ut til soknerådet.

Handsaming under møtet:

Ein uferdig rekneskap vart lagt fram på møtet. Det mangla balanse og noter.

Kontoret fekk det i hende ein time før møtet og hadde ikkje fått tid til å studera det for å legge det fram ryddig og greitt. Her er noko av informasjonen som vart lagd fram skrifteleg og munnleg:

Driftsrekneskapen er avslutta med kr **5.224,81** i meirforbruk. Driftsinntektene vart kr **5.088.963** og driftsutgiftene kr **5.236.710**. Revidert budsjett balanserte med kr 4.941.000.

Årsaka til stort sprik mellom budsjett og resultat er mellom anna dette: Kr 140.000 av innkjøpssummen på kr 330.000 for ny minilastar i 2019 var tenkt finansiert med investeringsmidlar i 2020 som soknerådet i 2019 skulle lånt av eit av kyrkja sine fond. Det vart påpeika av revisor og viste seg å vere ulovleg då investering eit år må finansierast same år. Difor måtte desse kr 140.000 takast frå bunde driftsfond og overført til investering via posten «Overføring frå drift til investering». Resterande kr 190.000 er ført som 'Bruk av disposisjonsfond og ført direkte i investeringsrekneskapen. Dei 140.000 vil vi få merknad på av revisor fordi vedtaket om finansieringa vart feil.

Etter strykningsregel etter kommunal rekneskapsskikk, vart kr 105.000 'Bruk av tidlegare års mindreforbruk' stroke.

Likviditeten vart stadig vanskelegare utover hausten 2019. Det skuldast at vi i 2019 gjekk over til momsoppgjer ein gong i året (etter at året er omme) i staden for slik det har vore dei siste åra med terminvise oppgjer (6 gonger i året). Momsrefusjon på over kr 600.000 for 2019 vert utbetalt no snart, og dannar kapitalbuffer for 2020.

Investeringsrekneskapen enda med eit udekt beløp på kr 46.218 (=underskot) etter prosjektarbeid (=investeringar) på til saman kr 2.480.420. Ekstern finansiering var sal av gamal traktorgravar (60.000), momsrefusjon på kr 368.739 og investeringstilskot frå kommunen på kr 1.000.000. hovudsakeleg ubrukte beløp frå 2018) på til saman kr 575.108.

Balansen og noter vart ikkje ferdig til møtet.

Vedlegg: Den uferdige årsrekneskapen vart lagt fram på papir på møtet.

Forlag til VEDTAK:

Dersom det ikkje vert endringar under siste revisjon, godkjenner soknerådet den framlagde årsrekneskapen med noter for 2019. Meirforbruket på kr blir dekt inn ved / avsett til disposisjonsfondet.

VEDTAK: Av di rekneskapen ikkje var ferdig, var det ikkje høve til å gjennomgå den skikkeleg. Vedtak om godkjenning vert difor utsett til neste møte og etter revisjon.

Sak 13/20, (FR)

Årsmelding 2019

MS

Her er forslag til årsmelding for Kviteseid sokneråd for 2019, forfatta av fleire. Årsmeldinga gjev ein grei oversikt over kva soknerådet har hatt ansvar for siste år. Vedlegget her manglar tal frå rekneskapen då den ikkje er ferdig i skrivande stund.

Vedlegg: Årsmelding 2019

Forlag til VEDTAK:

Soknerådet vedtek årsmeldinga for 2019 med dei endringar som eventuelt blir gjort i møtet. Soknerådet legg meldinga fram for kyrkjelydsmøtet (årsmøtet) i Kviteseid kyrkje 29. mars 2020.

VEDTAK:

Soknerådet vedtek årsmeldinga for 2019 med dei endringar som eventuelt blir gjort i møtet. Soknerådet legg meldinga fram for soknemøtet (årsmøtet) i Kviteseid kyrkje 29. mars 2020

Sak 14/20, FR

Mogleg nytt tilskot frå Riksantikvaren

KS

Riksantikvaren sende 14. februar ut ein invitasjon til å søkje om tilskot til istandsetjing av forskjellige kulturhistoriske bygg. Det er same slag innbyding som på slutten av 2019 kom og som vi har med på investeringsplanen for 2020 med istandsetjing av Kviteseid gamle kyrkje (tilskot på kr 420.000 som er 60 %)

Denne gongen er listeførde kyrkjer i tre som er frå før 1800 med, og då gjeld det Brunkeberg kyrkje (1790). Der har vi på langtidsplan for investering ført opp reparasjon av det innvendige taket der fire dragarar sig.

RA finansierer 60 % der eit eventuelt tilskot må vera mellom kr 300.000 og 900.000.

Søknadsfrist er 30.mars 2020 og tiltaket må vere gjennomført innan 30.sept. 2021. Svar på søknaden kjem før juni 2020. Viss vi søker og får tilskot, må vi føre det opp på investeringsplanen og budsjett for 2021 viss vi skal gjere arbeidet.

Vi har pr i dag lite kunnskap om omfanget og kostnaden av eit slikt prosjekt.

Kyrkjeverja anbefalar at det blir søkt om stønad til dette innan fristen. Han må då fyrst få minst ein fagmann til å vurdere omfanget og gje eit anslag på pris.

Forlag til VEDTAK:

Soknerådet oppmodar kyrkjeverja til å førebu og sende søknad til Riksantikvaren innan fristen om tilskot til reparasjon av sig på innvendig tak på Brunkeberg kyrkje.

VEDTAK: Som føreslege.

Sak 15/20, SR

Soknemøte / årsmøte 29. mars

ML

Soknemøtet vert halde i Kviteseid kyrkje søndag 29. mars like etter gudstenesta (kl. 11.00)

Møtet vert leia av soknerådsleiar Marit Gotuholt. Referent må veljast.

Saker:

1. Årsmeldinga (skal lesast, samtalast om, og godkjennast)
2. Årsrekneskap 2019 og budsjett 2020
3. Andre saker: Fokus på dåp, gudstenestedeltaking og gjevarteneste

Forlag til VEDTAK:

Soknerådet vedtek sakslista for soknemøtet

VEDTAK: Som føreslege.

Sak 16/20, SR

Konfirmantfest 26. april

MS / ML

Den årlege konfirmantfesten skal vere etter samtalegudstenesta i Vrådal 26. april.

Stad for festen må avklarast, og komité må etablerast.

Soknepresten er ansvarleg for programmet på festen.

Komitéen har ansvar for praktiske saker som servering (varmmat og kaker/dessert) og ordne lokalet før og etter, inkl. pynting.

Forlag til VEDTAK: Ingen

VEDTAK: Klubbhuset i Vrådal blir brukt til festen sjølv om det kan bli trongt om plassen.

Komité: Kyrkjelydsutvalet i Vrådal. Dei får sjølve andre med seg ved behov.

Sak 17/20, SR

Eventuelt

MS

1. Kurskveld og soknerådsmøte to kveldar på rad er ikkje ynskjeleg for framtida.
2. Alle i soknerådet vert oppmoda til å møte på gudstenesta i Kviteseid kyrkje søndag 29. mars. Soknerådet vil då bli presentert for kyrkjelyden. Soknerådet kan då òg vere med på soknemøtet / årsmøtet rett etter gudstenesta.
3. Dei neste soknerådsmøta er etter planen 15. april og 3. juni.